




Kor mykje nitrogengjødsel skal enga ha?

Samanstilling av tidlegare forsøksresultat

NIBIO RAPPORT | VOL. 10 | NR. 105 | 2024



TITTEL/TITLE
Kor mykje nitrogengjødsel skal enga ha? Samanstilling av tidlegare forsøksresultat
FORFATTER(E)/AUTHOR(S)
Håvard Steinshamn, Marit Jørgensen og Åsmund M. Kvifte

DATO/DATE:	RAPPORT NR./ REPORT NO.:	TILGJENGE/AVAILABILITY:	PROSJEKTNR./PROJECT NO.:	SAKSNR./ARCHIVE NO.:
21.10.2024	10/105/2024	Open	1310001	24/01328
ISBN: 978-82-17-03574-9	ISSN: 2464-1162	SIDETAL/ NO. OF PAGES: 58	VEDLEGGSTAL/ NO. OF APPENDICES: 2	

OPPDRAKGJØVAR/EMPLOYER: KU-midlar	KONTAKTPERSON/CONTACT PERSON: Åsmund Mikalsen Kvifte
---------------------------------------------	----------------------------------------------------------------

STIKKORD/KEYWORDS: Eng, nitrogengjødsling, avlingsrespons, råprotein Grassland, Nitrogen fertilization, Yield response, crude protein	FAGOMRÅDE/FIELD OF WORK: Fôr og husdyr Grassland and livestock
------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	-------------------------------------------------------------------------------------

SAMANDRAG/SUMMARY: Nitrogengjødsling (N-gjødsling) har sterk avlingsdrivande effekt i eng. I seinare tid har det vore ein diskusjon om gjødslingsnormene til eng er for låge, blant anna fordi råproteininnhaldet i surfôr er lagt ut frå det ein meiner bør vera i fôrrasjonen til mjølkeku. Data frå nyare forsøksseriar i eng, gjennomførte mellom 2004 og 2021, der N-gjødslingsnivå var med som forsøksfaktor, vart stilt saman og analysert statistisk. Det var skild mellom forsøk med to og tre slåttar. Maksimal årsavling var ved 31,1 kg N/daa for eng slått tre gonger, men det var ingen sikker forskjell i årsavlinga med gjødsling mellom 24 og 31,1 kg N/daa. Likeins var det maksimal avling ved 27 kg N/daa for eng slått to gonger årleg, men ingen sikker forskjell på årsavlinga med gjødsling mellom 15 og 27 kg N/daa. For eng gjødsla med 10 kg N frå husdyrgjødsel i forsøksperioden og slått tre gonger årleg, var det ingen sikker forskjell i gjødsling mellom 15 og 31,1 kg N/daa. Råproteinkonsentrasjonen i årsavlinga endra seg lite med aukande N-gjødsling ved nivå under 20 kg N/daa ved tre slåttar og 15 kg N/daa ved to slåttar årleg. Men når N-gjødsling auka ut over det som gav maksimal avling, var det sikker auke i råproteinkonsentrasjonen. Aukande N-gjødsling auka fiberinnhaldet (NDF) i årsavlinga, men hadde liten effekt på energiverdien (FEm). Innhaldet av vassløyselege karbohydrat minka med aukande N-gjødsling. Nitrogenavlinga og N-balansen auka lineært med N-gjødslinga. Konklusjonen er at det ikkje er noko grunn til å endre N-gjødslingsnormene i gjødslingshandboka til NIBIO

LAND/COUNTRY: Noreg
FYLKE/COUNTY: Vestland
KOMMUNE/MUNICIPALITY: Fjaler
STAD/LOKALITET: Fureneset

GODKJEND /APPROVED

Mats Höglind

NAMN/NAME

PROSJEKTLEIER /PROJECT LEADER

Åsmund M. Kvifte

NAMN/NAME

Føreord

Arbeidet er finansiert med kunnskapsutviklingsmidlar (KU-midlar) frå Landbruks- og matdepartementet under posten 'Tilpassa gjødsling for grovfôrvekstar' (internt prosjektnummer 1310001). Takk til Anne Kjersti Bakken for å hente fram og lagt til rette forsøksdata.

Særheim, 02.10.2024

Mats Höglind

English summary

Nitrogen (N) fertilisation has a strong yield-driving effect in temporary grasslands. Recently, there has been discussions in Norway about whether the fertilisation standards for grassland are too low, in part because the crude protein content of silage is reported to be low compared to what is believed to be necessary in the feed ration for dairy cows. Data from recent experimental series in grassland, conducted between 2004 and 2021, where N fertilisation level was included as an experimental factor, were compiled and analysed statistically. Two and three annual cuts were analysed separately.

Maximum annual yield was at 311 kg N/ha for grasslands cut three times, but there was no significant difference in annual yield with fertilisation between 240 and 311 kg N/ha. For leys cut twice annually, maximum yield was at 270 kg N/ha, but there was no significant difference in annual yield with fertilisation between 150 and 270 kg N/ha. For grasslands fertilised with 100 kg N/ha of cattle manure and cut three times a year, there was no significant difference in yield between grassland fertilised with 150 kg N/ha and 311 kg N/daa. The crude protein concentration of the annual yield changed little with increasing N fertilisation at levels below 200 kg N/ha for three cuts and 150 kg N/ha for two cuts annually. However, when N fertilisation increased beyond the levels which provided maximum yield, there was a significant increase in crude protein content. Increasing N fertilisation increased the fibre content (NDF) in the crop but had little effect on the net energy value (FEm). The content of water-soluble carbohydrates decreased with increasing N fertilisation. Nitrogen yield and N balance increased linearly with N fertilisation.

The conclusion is that there is no reason to change the N fertilisation standards in the fertilisation manual of NIBIO.

Innhold

1 Innleiing	7
2 Materiale og metodar.....	9
2.1 Datatilfang	9
2.2 Statistisk analyse	10
3 Resultat.....	14
3.1 Avling	14
3.1.1 Tre slåttar per år.....	14
3.1.2 To slåttar per år.....	15
3.2 Råproteininnhald	16
3.3 Fôreiningskonsentrasjonen	18
3.4 Fiberinnhaldet	21
3.5 Råproteinavling og N-balanse.....	22
4 Drøfting.....	24
4.1 Tørrstoffavling	24
4.2 Råproteininnhald i avlinga og råproteinavling	28
4.3 Nitrogenbalanse	29
4.4 Fiberinnhald og energiverdi.....	29
5 Konklusjon	30
6 Referansar	31
7 Vedlegg	33
7.1 Forsøksseriar	33
7.1.1 «Meir og betre grovfôr» gras-raudkløverfelt.....	33
7.1.2 «Meir og betre grovfôr» Yarafelt	34
7.1.3 «FOREFF – Samansetting av arter for betre avling og avlingsstabilitet over år»	35
7.1.4 «FOREFF – N-stige»	36
7.1.5 «YARA N-stige med HG gjødsel»	37
7.1.6 «N-gjødsling til raudkløvereng»	38
7.1.7 «Omlaupsfeltet Fureneset»	39
7.1.8 «Impress».....	40
7.2 Supplementstabellar	42

1 Innleiing

Dei siste åra har det vore debatt om vi gjødslar engene våre med nok nitrogen (N) (Borchsenius, 2021;Sikkeland, 2021;Volden, 2021;Livenengen, 2022;Skjold *mfl.*, 2022;Volden og Nossum, 2024). Kjernen i diskusjonen dreier seg om råproteininnhaldet i avlinga. Proteininnhaldet i surförprøver rapportert inn til NorFor-FAS (NorFor sitt fôranalyse system) har endra seg lite eller har gått ned (Skjold *mfl.*, 2022). På grunn av høgare mjølkeyting og dermed behov for meir protein i fôrrasjonen, foreslår TINE å auke tilrådinga for råproteininnhald i surför frå intervallet 14-16 % til 15 – 18 % (Skjold *mfl.*, 2022). Vidare har dei i ei nyare finsk gransking funne betydeleg sterkare N-respons på avling i timoteieng enn i eldre forsøk, og dei konkluderer med at gjødslingstilrådinga kan aukast frå 25 til 30 kg N per daa og år (Termonen *mfl.*, 2020).

Ein stor del av råproteinet i gras finst som del av ulike enzym og i kloroplastane i dei grøne blada. Om lag 50 % av proteinet er i fotosynteseenzymet rubisko i kloroplasta (Whitehead, 2000).

Konsentrasjonen av protein og nitrogen (N) er høgst i bladplata og mykje lågare i bladslira og stengel (Whitehead, 2000). Mengd protein er difor særskilt påverka av blad-stengelforholdet i graset. Yngre bladdelar har høgare N-konsentrasjon enn eldre, og når grasplanten utviklar generative skot går råproteinkonsentrasjonen ned sidan det fører til eit lågare blad-stengelforholdet.

Gjødslinga er naudsynt både for råproteinet og for å få store avlingar, men ei for sterk gjødsling aukar faren for forureining utan at avlinga vert stort større eller meir næringsrik. Kolle og Oguz-Alper (2020) undersøkte gjødselbruken til eng i Noreg i 2018. Enga fekk i gjennomsnitt 18,3 kg N/daa, samla for husdyrgjødsel og mineralgjødsel. Mest fekk eng på mjølkebruk, med 23,2 kg N/daa i snitt. Eit slikt snitt-tal vil dekkja både stykke der bonden freistar å gjødsla for å få ut avlingspotensialet, og stykke som er meir ekstensivt drive og difor får mindre gjødsel. Spørsmålet er om dette er nok, for lite eller for mykje.

Det krevst forsøk for å finna samanhengen mellom N-gjødsling, avling og råproteininnhaldet i avlinga. Ein vanleg måte å undersøkja effekten gjødsel har på avling og avlingskvalitet er forsøk med stigande mengder av næringsstoffet ein ynskjer å undersøkja. Nitrogen er den viktigaste avlingsdrivande faktoren i eng, men dersom det er dårlig tilgang på andre næringsstoff, som for eksempel svovel og fosfor, eller det er kalkmangel vil responsen av N-gjødsling vera svakare. Svak N-respons vil det også vera dersom jorda har høgt innhald av N som lett kan bli mineralisert, til dømes på jord som får jamleg tilføring av husdyrgjødsel (Schröder *mfl.*, 2007;Müller *mfl.*, 2011;Shepherd *mfl.*, 2015).

Aukande gjødsling er venta å gje auka avling, men effekten av gjødslinga vil vanlegvis vera minkande etter kvart som gjødselstyrken aukar. NIBIO gjødselhandbok¹ tilrår i overkant av 28 kg N/daa for 1000 kg tørrstoff (TS) per daa med eit energiinnhald på 0,90 FEm/kg TS for eng slått tre gonger årleg. Volden (2021) samanstilte resultat frå 22 rapportar, og fann at maksimal TS-avling ved 29 kg N/daa ved to slåttar årleg og 39 kg N/daa for tre slåttar. I ei samanstilling av mange engforsøk på Austlandet vart det funne maksimale avlingar i timotei/engsvingel-eng ved 27–28 kg N/daa ved tre slåttar (Baadshaug *mfl.*, 1996), både gjennom målinger i feltforsøk og modelleringar basert på feltforsøka og meteorologiske data. Volden (1996) konkluderte med at det i Nordland var best med 16 – 18 kg N ved to årlege slåttar og avlingsnivå på 600 – 700 kg TS/daa. I desse refererte studiane er det i mindre grad rapportert kor statistisk sikre desse topp-punkta for avlingar er, eller kor mykje svakare gjødslinga må vera for at avlinga vert sikkert lågare.

Ved stigande mengder N-gjødsling utover maksimal-avling, aukar faren for N-avrenning og utslepp av lystgass (Schröder *mfl.*, 2010;Cameron *mfl.*, 2013;Nadeem og Bakken, 2020). Jordbruket står for 78 prosent av lystgassutsleppa i Noreg, som i 2023 utgjorde 4,4 prosent av dei totale klimagassutsleppa

¹ <https://www.nibio.no/tema/jord/gjødslingshandbok/>

(Miljødirektoratet, 2024). Lystgass er ein særskilt potent klimagass, og konsentrasjonane i atmosfæren har auka dramatisk dei siste tiåra (Tian *mfl.*, 2020). Nadeem og Bakken (2020) fann ingen auke i grasavling ved å gjødsle med meir enn 24 kg N/daa i engforsøk gjort over to vekstsesongar, men derimot ei betydeleg auke i lystgassutslepp, spesielt like etter vårgjødsling. Nitrogenavrenning kan føre til dårlegare vasskvalitet: Nitrat i drikkevatn er eit folkehelseproblem, og kan elles føra til eutrofiering og algebløming (Cameron *mfl.* 2013). Bechmann (2014) peikar på god forvalting av husdyrgjødselressursane og å unngå svært positive N-balansar som viktige tiltak for å minska N-avrenninga.

Økonomisk optimal gjødsling og gjødsling til maksimal avling treng ikkje å vere lik. I tillegg til gjødselkostnaden, kjem det mellom anna an på arealtilgangen og behovet for grovfôr og prisen på kraftfôr. På eit bruk med stort grovfôrareal i høve til dyretal vil optimal gjødsling truleg vera lågare enn gjødsling til maksimal avling, som vist for samanhengen mellom effekt hausteintensitet av enga (tidleg mot normal tid for førsteslått) og lønnsemd (Flaten *mfl.*, 2015).

Feltforsøk i eng seier berre noko om korleis enga responderer på dei valde forsøksfaktorane der ho ligg i dei åra forsøket vert gjennomført. Det er difor naudsynt med feltforsøk i ulike enger, ulike år og på ulike stader i landet dersom vi skal kunne finne sikrare, generelle samanheng mellom N-gjødsling avling og avlingskvalitet. I NIBIO, og tidlegare Bioforsk, er det utført mange forsøk i eng på forskingsstasjonar over heile landet, og nokre forsøk har vore gjort i samarbeid Norsk landbruksrådgiving (NLR) med felt ute på gardsbruk. Formåla med forsøka har vore ulike, men mange har hatt N-gjødslingsnivå som forsøksfaktor. Sjølv om formålet har vore ulikt, er det mogleg å utnytte data frå dei statistisk. Ei samla statistisk analyse av data frå fleire forsøk er ofte sterkare fordi talmaterialet er større, famnar fleire lokalitetar og år, og gjev dermed sikrare estimat av effekten av ein innsatsfaktor, som til dømes N-gjødsling. Formålet med dette arbeidet har vore å utnytta data frå nyare norske engforsøk, analysera dei samla og estimera effekten av N-gjødsling på avling og fôrkvalitet.

2 Materiale og metodar

2.1 Datatilfang

Forsøksdata vart samla inn frå dyrkingsforsøk i eng gjennomført på forskingsstasjonar i NIBIO og tidlegare Bioforsk, samt frå engforsøk lagt ut på areal hos bønder gjennomført av Norsk landbruksrådgiving i samarbeid med NIBIO i perioden 2004 til 2023. Datatilfanget var avgrensa til forsøk der mengd N-gjødsling med mineralgjødsel var med som forsøksfaktor. Haustregime med to eller tre slåttar varierte i stor grad mellom lokalitetar, og det var såleis ikkje råd å teste effekt av hausteregime. Datatilfanget vart derfor delt i to datasett, eitt sett med data frå forsøk med tre slåttar per år og eitt med to slåttar per år. I nokre forsøk med tre slåttar, var det også ledd som blei hausta to gonger. Desse rutene vart inkludert i datasettet med to slåttar per år. Oversikt over forsøksseriar, forsøkslokalitetar og forsøksfaktorar for felt med tre og to slåttar per og år er å finne i høvesvis tabell 1 og 2. Dei fleste forsøksseriane var i eng med blanding av fleire artar. Meir detaljert informasjon om forsøksseriane er å finne i Vedlegg 1.

I mange tilfelle kor det er brukt husdyrgjødsel har vi ikkje hatt tilgjenge på husdyrgjødselanalyser. I desse tilfella har vi vald å nytta gjennomsnittsverdien frå Daugstad *mfl.* (2012), der husdyrgjødsela frå mjølkekyr i gjennomsnitt inneheld 3,1 kg total-N/tonn ved 6 % tørrstoff.

Tabell 1: Forsøksseriar, forsøkslokalitet, forsøksfaktorar, kalenderår og tal observasjonar i felt med tre slåttar per år og kjemisk analyse av avlinga (sjå vedlegg 1)

Namn på forsøksserie	Lokalitetar	Forsøksfaktor	N-gjødslingsnivå, kg N/daa og år	År	Tal obs	Ref ¹
«Meir og betre grovfôr» Gras-raudkløverfelt	Kvithamar, Løken (2 felt), Særheim	Haustregime N-gjødsling	12, 24	2004- 2006	246	1
«Meir og betre grovfôr» Yarafelt	Kvithamar, Løken, Ås	N-gjødsling S-gjødsling	12, 18, 24	2004- 2006	101	2
ForEff	Kvithamar, Særheim	Frøblanding N-gjødsling	12, 24	2017	119	3
ForEff- N-stige	Kvithamar, Særheim	N-gjødsling	0, 9, 18, 27, 36	2018	20	4
YARA- N-stige med HG gjødsel	3 lokale felt i Sør- Noreg	N-gjødsling S-gjødsling	0, 11, 17, 23, 30 + HG	2020- 2022	63	5
N-gjødsling til raudkløvereng	11 lokale felt i Sør- Noreg	N-gjødsling	0, 8, 16, 24	2010- 2012	200	6
Omlaupsforsøk Fureneset	Fureneset	N-gjødsling Fornyingstakt Frøblanding	12, 21 + HG	2018- 2021	216	7
Impress	Apelsvoll	N-gjødsling	0, 6, 12, 18, 24, 30	2019- 2021	212	8

¹Ref er referansenummer til beskrivinga av forsøka i Vedlegg 1.

HG er husdyrgjødsel.

Tabell 2: Forsøksseriar, forsøkslokalitet, forsøksfaktorar, kalenderår og tal observasjonar i felt med to slåttar per år (sjå vedlegg 1)

Namn på forsøksserie	Lokalitetar	Forsøksfaktor	N-gjødslingsnivå, kg N/daa og år	År	Tal obs	Ref ¹
«Meir og betre grovfôr» Gras-raudkløverfelt	Kvithamar, Løken	Haustregime N-gjødsling	12, 24	2004-2006	32	1
ForEff	Holt	Frøblanding N-gjødsling	8,5, 17	2017	60	3
ForEff- N-stige	Holt	N-gjødsling	0, 7, 14, 21, 28	2018	10	4
YARA- N-stige med HG gjødsel	2 lokale felt	N-gjødsling S-gjødsling	0, 9, 13, 18, + HG	2020-2022	45	5
N-gjødsling til raudkløvereng	9 lokale felt	N-gjødsling	0, 8, 16, 24	2010-2013	152	6
Omlaupsforsøk Fureneset	Fureneset	N-gjødsling Fornyingstakt Frøblanding	10 - 18 + HG	2022	9	7
Impress	Løken	N-gjødsling	0, 6, 12, 18, 24, 30	2018-2020	213	8

¹Ref er referansenummer til beskrivinga av forsøka i Vedlegg 1.

HG er husdyrgjødsel.

I dei fleste forsøksseriane vart fôrkvaliteten av avlinga bestemt ved hjelp av NIRS i eitt av gjentaka eller i prøver slått saman over gjentak. I nokre forsøk er det også analysert fôrkvalitet på forsøksrutenvå. Fôrkvalitetsparameter analysert var konsentrasjonen av føreiningar (FEm/kg tørrstoff (TS)), råprotein (RP, g/kg TS), proteinbalansen i vom (PBV, g/kg TS), aminosyrer absorbert i tarm (AAT, g/kg TS), nøytralt løyseleg fiber (NDF, g/kg TS), syreløyseleg fiber (ADF, g/kg TS) og syreløyseleg lignin (ADL, g/kg TS). I denne rapporten har vi vald å ta med FEm, RP og NDF.

2.2 Statistisk analyse

Data blei analysert statistisk med bruk av blanda statistiske modellar ved hjelp av GLIMMIX prosedyren i SAS. I denne rapporten brukte vi berre avlingsdata der det også var fôrkvalitetsanalysar.

Det blei brukt fire ulike modellar med data frå 1) førsteslåtten, 2) andreslåtten 3) tredjeslåtten (ved tre slåttar per år) og 4) årsavling

- 1) $Y_{ijkl} = \mu + S_i + L_{j(i)} + A_{k(j)} + B_{l(j)} + \beta_1 a + \beta_2 a^2 + \beta_3 f + \beta_4 e + \varepsilon_{ijkl}$
- 2) $Y_{ijkl} = \mu + S_i + L_{j(i)} + A_{k(j)} + B_{l(j)} + \beta_1 b + \beta_2 b^2 + \beta_3 a + \beta_4 g + \beta_5 f + \beta_6 e + \varepsilon_{ijkl}$
- 3) $Y_{ijkl} = \mu + S_i + L_{j(i)} + A_{k(j)} + B_{l(j)} + \beta_1 c + \beta_2 c^2 + \beta_3 d + \beta_4 h + \beta_5 e + \varepsilon_{ijkl}$
- 4) $Y_{ijkl} = \mu + S_i + L_{j(i)} + A_{k(j)} + B_{l(j)} + \beta_1 e + \beta_2 e^2 + \beta_3 h + \beta_4 e + \varepsilon_{ijkl}$

Der Y er avhengig variabel (avling og fôrkvalitetsparameter), μ er samla gjennomsnitt, S_i er tilfeldig effekt av forsøksserie i, $L_{j(i)}$ er tilfeldig effekt av forsøkslokalitet j innan forsøksserie i, $A_{k(j)}$ er tilfeldig effekt av år k innan forsøkslokalitet j , $B_{l(j)}$ er tilfeldig effekt av blokk innan lokalitet og serie, a er fast effekt av mineralgjødsel N (kg N/daa) om våren (kontinuerleg), b er fast effekt av mineralgjødsel N (kg N/daa) etter førsteslått (kontinuerleg), c er fast effekt av mineralgjødsel N (kg N/daa) etter andreslått (kontinuerleg), d er fast effekt av summen av mineralgjødsel N (kg N/daa) gitt om våren og etter førsteslått (kontinuerleg), e er fast effekt av total mineralgjødsel N (kg/N daa) gitt per år (kontinuerleg), f er fast effekt av total N-mengd (kg N/daa) i husdyrgjødsel om våren (kontinuerleg), g er fast effekt av total N-mengd (kg N/daa) i husdyrgjødsel etter førsteslått (kontinuerleg), h er fast effekt av total N-mengd (kg N/daa) i husdyrgjødsel gitt per år (kontinuerleg), og e er fast effekt av engår. Både lineær og kvadratisk effekt av mineralgjødsel N er testa. I tillegg er samspel mellom dei faste effektane med. ε_{ijkl} er tilfeldig feilredd. β_n -ane er regresjonskoeffisientar, og β_n -ane i forskjellige modellar treng ikkje å vere like. Samspeleffektar og faste effektar, utanom lineær effekt av mineral N-

gjødsling, som ikkje er signifikante ($P>0,05$) er tatt ut av endeleg modell. Dersom eit samspel er signifikant sikkert og med i endeleg modell, er hovudeffektane i samspelet med sjølv om dei aleine ikkje er signifikante. I analysane let vi skjeringspunktet/konstantleddet (intercept) og stigningstalet (slope) for N-gjødsling også vera tilfeldig for å ta høgd for at forsøk innan lokalitet har ulikt avlingsnivå utan gjødsling og ulik respons på N-gjødsling.

Respons på N-gjødsling følgjer ofte lova om minkande utbytte og er ofte uttrykt som ein kvadratisk funksjon, noko som vi også har lagt til grunn i vår analyse. Ved å derivera funksjonen med omsyn til N-gjødslingsmengd kan ein finna nivået der det ikkje lenger er meir respons, det vil seia å finna N-gjødslingsnivået som gjev maksimal avling. Men N-responsen er ofte sterkt minkande når det nærmar seg dette maksimalnivået. Derfor brukte vi 'ESTIMATE' i SAS for å finna det N-gjødslingsintervallet der responsen ikkje var statistisk ulik maksimal-nivået, det vil seie dei N-gjødslinga som gav statistisk sikker lågare avling enn maksimal-avlinga. På same måte brukte vi 'ESTIMATE' for å finna mengd N-gjødsling som gav statistisk sikker ulik verdi av ein forkvalitetsparameter i forhold til mengd N-gjødsling som gav maksimalverdi eller minimumsverdi av parameteren. Mengd N-gjødsling med mineralgjødsel som gav maksimal avling eller minimumsverdi eller maksimalverdi av ein forkvalitetsparameter, vart rekna ut frå estimata av regresjonskoeffisientane av N-gjødsling.

I den endelige modellen for ein responsvariabel (t.d. avling eller proteininnhaldet i avlinga) kan det vera fleire forklaringsvariablar med samspel mellom variablane. Resultat av de statistiske analysane er presentert i Vedlegg 2. Estimat av regresjonskoeffisientar kan vera vanskelege å forstå og tolka, særleg når samspel mellom faktorar er sterke. Vi har derfor vald å presentere hovudtrekka av resultata som prediksjonar i figurar (figur 1-10). Samspel mellom to forklaringsvariablar (som t.d. N-gjødsling med mineralgjødsel og totalmengd N tilført med husdyrgjødsel) er illustrert med to liner. 'ESTIMATE' i SAS blei brukt til å teste N-gjødslingsnivået der desse to linene er statistisk ulike, t.d. for å finne N-gjødslingsnivået med mineralgjødsel der det var effekt av husdyrgjødsel-N.

Gjennomsnittsverdiar med standardavvik og minimums- og maksimumsverdiar av forklaringsvariablar (gjødsling og engår), avling og forkvalitetsparametre er presentert i tabell 3 (to slåttar årleg) og 4 (tre slåttar årleg).

Tabell 3: Gjennomsnitt, standardavvik (SA) og minimum- og maksimumsverdier for forklaringsvariablar (N-gjødsling med mineralgjødsel og husdyrgjødsel og engår), og responsvariablar i forsøk med 3 slåttar i året (n=1177)

Variabel	Eining	Gjsn	SA	Min	Maks
Engår		2,0	1,2	1,0	6,0
N i mineralgjødsel om våren	Kg/daa	6,9	3,5	0,0	16,5
N i mineralgjødsel etter 1. slått	Kg/daa	6,2	3,4	0,0	15,6
N i mineralgjødsel etter 2. slått	Kg/daa	3,4	2,5	0,0	10,5
N i mineralgjødsel per år	Kg/daa	16,5	8,1	0,0	36,0
N totalt i husdyrgjødsel om våren	Kg/daa	2,0	4,7	0	18,6
N totalt i husdyrgjødsel etter 1. slått	Kg/daa	0,7	2,9	0	18
N totalt i husdyrgjødsel per år	Kg/daa	2,7	6,7	0,0	32,5
Avling 1. slått	Kg TS/daa	512	146	59	1012
Avling 2. slått	Kg TS/daa	337	134	8	979
Avling 3. slått	Kg TS/daa	220	94	36	606
Årsavling	Kg TS/daa	1069	261	210	1863
Råprotein (RP) i avling 1. slått	% av TS	11,9	3,1	5,2	22,1
Råprotein i avling 2. slått	% av TS	13,5	3,0	6,2	25,3
Råprotein i avling 3. slått	% av TS	15,9	3,4	8,5	28,6
Råprotein i årsavlinga	% av TS	13,0	2,4	6,9	22,4
Nettoenergiinhaldet i 1. slåtten	FEm/kgTS	0,86	0,07	0,68	1,08
Nettoenergiinhaldet i 2. slåtten	FEm/kgTS	0,87	0,05	0,68	1,04
Nettoenergiinhaldet i 3. slåtten	FEm/kgTS	0,92	0,06	0,75	1,06
Nettoenergiinhaldet i årsavlinga	FEm/kgTS	0,87	0,04	0,75	0,98
Fiberinnhaldet (NDF) i 1. slåtten	% av TS	57,6	6,4	34,2	72,5
Fiberinnhaldet i 2. slåtten	% av TS	53,6	5,1	36,1	65,7
Fiberinnhaldet i 3. slåtten	% av TS	48,5	5,4	28,5	65,8
Fiberinnhaldet i årsavlinga	% av TS	55	5	36	67
Råproteinavlinga totalt	Kg/daa	140	46	23	275
Nitrogenbalansen	Kg/daa	-3,2	9,5	-28,2	30,6

Nitrogenbalansen = Råproteinavlinga totalt/6,25 – (N i mineralgjødsel per år + N totalt i husdyrgjødsel per år).

Tabell 4: Gjennomsnitt, standardavvik (SA) og minimum- og maksimumsverdiar for forklaringsvariablar (N gjødsling med mineralgjødsel og husdyrgjødsel og engår), og responsvariablar i forsøk med 2 slåttar i året (n=521)

Variabel	Eining	Gjsn	SA	Min	Maks
Engår		1,8	0,9	1,0	5,0
N i mineralgjødsel om våren	Kg/daa	7,2	4,9	0,0	17,1
N i mineralgjødsel etter 1. slått	Kg/daa	5,8	3,8	0,0	12,9
N i mineralgjødsel per år	Kg/daa	13,8	8,9	0,0	30,0
N totalt i husdyrgjødsel om våren	Kg/daa	0,8	2,7	0,0	19,2
N totalt i husdyrgjødsel etter 1. slått	Kg/daa	0,4	1,3	0,0	5,0
N totalt i husdyrgjødsel per år	Kg/daa	1,3	3,9	0,0	19,2
Avling 1. slått	Kg TS/daa	492	192	94	1257
Avling 2. slått	Kg TS/daa	437	181	47	1143
Årsavling	Kg TS/daa	930	312	163	2114
Råprotein (RP) i avling 1. slått	% av TS	11,1	2,4	5,9	18,1
Råprotein i avling 2. slått	% av TS	12,9	3,1	5,0	22,7
Råprotein i årsavlinga	% av TS	11,8	2,1	6,3	17,6
Nettoenergiinnhaldet i 1. slåtten	FEm/kgTS	0,83	0,06	0,67	0,97
Nettoenergiinnhaldet i 2. slåtten	FEm/kgTS	0,83	0,06	0,68	1,03
Nettoenergiinnhaldet i årsavlinga	FEm/kgTS	0,82	0,04	0,70	0,94
Fiberinnhaldet (NDF) i 1. slåtten	% av TS	60,3	6,5	37,3	70,8
Fiberinnhaldet (NDF) i 2. slåtten	% av TS	53,4	6,6	27,5	68,5
Fiberinnhaldet (NDF) i årsavlinga	% av TS	57,5	5,3	40,5	66,9
Råproteinavlinga totalt	Kg/daa	109	37	15	224
Nitrogenbalansen	Kg/daa	-2,3	7,6	-20,0	18,1

Nitrogenbalansen = Råproteinavlinga totalt/6.25 – (N i mineralgjødsel per år + N totalt i husdyrgjødsel per år).

3 Resultat

3.1 Avling


3.1.1 Tre slåttar per år

Maksimal avling i førsteslåtten var ved 14,9 kg N/daa mineralgjødsel i eng slått tre gonger i året (Figur 1a, tabell S1, Vedlegg 2). Utan husdyrgjødsel var det ingen sikker avlingsauke frå 8 til 14,9 kg N/daa. Gjødsling med husdyrgjødsel om våren auka avlinga i førsteslåtten, men effekten minka med aukande N-gjødsling med mineralgjødsel (Figur 1a, tabell S1, Vedlegg 2)). Det var sikker avlingseffekt av husdyrgjødsel når det blei gitt mindre enn 6 kg N per daa med mineralgjødsel.

Maksimal avling i andreslåtten var ved 12,7 kg N/daa. Men avlingsresponsen på N-gjødsling etter førsteslått var avhengig av N-gjødslinga om våren ved at sterkare N-gjødsling om våren hadde negativ effekt på avlinga i andreslåtten (Figur 1b, Tabell S1). Avlinga i tredjeslåtten auka med N-gjødslinga (Figur 1c, Tabell S1)). Som for avlinga i andreslåtten, var det negativ effekt av N-gjødsling tidlegare i sesongen (- 8 kg TS/daa per kg N, Figur 1c, Tabell S1). Vidare var effekten av N-gjødsling på avlinga i tredjeslåtten svakare dess meir husdyrgjødsel-N det hadde blitt tilført tidlegare i sesongen (negativt samspel mellom N-gjødsling og husdyrgjødsel-N, tabell S1).

Maksimal årsavling med tre slåttar var i gjennomsnitt ved 31,1 kg N/daa og år, men det var ingen sikker forskjell på årsavlinga med gjødsling mellom 24 og 31,1 kg N/daa (Figur 1d, tabell S1). Gjødsling med husdyrgjødsel auka årsavlinga, men effekten av husdyrgjødsel minka med aukande mengd mineralgjødsel N. Der det var brukt husdyrgjødsel var det ingen forskjell på 15 kg N/daa med mineralgjødsel og gjødsling til maksimalavling.

Årsavlinga gjekk ned med alder på enga. Nedgangen var i gjennomsnitt 66 kg TS/daa og år (tabell S1).



Figur 1: Effekt av nitrogengjødsling med mineralgjødsel (kg N/daa) på avling (kg TS/daa) i a) førsteslått b) andreslått c) tredjeslått og d) i samla årsavling ved tre slåttar i året.


I a og d) er linene 0 og med HG=husdyrgjødsel 5 og 10 kg N/daa. Horisontal grøn stipla linene i a) viser gjødslingsintervallet der tilleggseffekten av husdyrgjødsel N er statistisk sikker. Dei prikka horisontale linene viser gjødslingsintervallet der avlinga er statistisk ulik gjødsling til maksimal avling, der blå er utan husdyrgjødsel og oransje er med husdyrgjødsel. I b) er linene 5 og 10 kg N/daa i mineralgjødsel gitt om våren. I c) er linene 10 og 20 kg N/daa i mineralgjødsel gitt til saman om våren og etter 1. slått.

3.1.2 To slåttar per år

Maksimal avling i førsteslåtten var ved 12,4 kg N/daa mineralgjødsel i eng slått to gonger i året (Figur 2a, tabell S2). Maksimal avling i andreslåtten var ved 14,9 kg N i eng slått to gonger i året, men effekten var ikkje statistisk ulik gjødsling med 8 kg N/daa (Figur 2b, tabell S2).

Maksimal årsavling var ved 27,1 kg N/daa, men avlinga var ikkje ulik gjødsling med 15 kg N/daa (Figur 2c, tabell S2). Vi kunne ikkje påvisa effekt av husdyrgjødsel-N på årsavlinga.

Som for tre slåttar i året, gjekk årsavlinga ned med alder på enga. Nedgangen var i gjennomsnitt 64 kg TS/daa og år (tabell S2).




Figur 2: Effekt av nitrogengjødsling med mineralgjødsel (kg N/daa) på avling (kg TS/daa) i a) førsteslått b) andreslått og c) i samla årsavling ved to slåttar i året.
I a) er linene 0 og 5 utan og med 5 kg N/daa i husdyrgjødsel. Horisontal grøn stipla linen i a viser gjødslingsintervallet der tilleggseffekten av husdyrgjødsel N er statistisk sikker. Dei prikka horisontale linene viser gjødslingsintervallet der avlinga er statistisk ulik gjødsling til maksimal avling, blå utan husdyrgjødsel og oransje med husdyrgjødsel.


3.2 Råproteininnhald

Råproteininnhaldet (RP-innhaldet) i engavlinga frå førsteslåtten auka lineært med N-gjødslinga, både ved tre og to slåttar årleg (Figur 3a og 4a, tabell S3 og S4). I andreslåtten gjekk RP-innhaldet ned med aukande N-gjødsling, men nedgangen minka med aukande N-mengd til om lag 10 kg N/daa (Figur 3b, tabell S3). RP-innhaldet i andreslåtten ved to slåttar per år minka også med aukande N-gjødsling, men steig att når gjødslinga vart sterkare enn 8 kg N/daa (Figur 4b og tabell S4). Det var svak negativ effekt av N-gjødsling på RP-innhaldet i avlinga i tredjeslåtten, og svakare dess sterkare gjødslinga hadde vore tidlegare i sesongen (Figur 3c, tabell S4). RP-innhaldet i årsavlinga auka med årleg N-gjødslingsmengd, men endringa i RP-innhald var ikkje merkbar (statistisk sikker) før N-gjødsling var sterkare enn 20 kg N/daa ved tre slåttar og 15 kg N/daa ved to slåttar årleg (Figur 3d og 4c).

Engår hadde praktisk talt ingen effekt på RP-innhaldet, bortsett frå i tredjeslåtten og i førsteslåtten i eng slått to gonger årleg (tabell S3 og S4). RP-innhaldet gjekk ned med tal engår i tredjeslåtten (-0.46%/kg TS per engår tabell S3) og auken i RP-innhald med stigande N-gjødsling vart svakare med tal engår i førsteslåtten i eng slått to gonger årleg (tabell S4).



**Figur 3: Effekt av nitrogengjødsling med mineralgjødsel (kg N/daa) på råproteininnhaldet i avlinga (% av TS) i a) førsteslått b) andreslått, c) tredjeslått og d) i samla årsavling ved tre slåtter i året.
I b) er linene 5 og 10 kg N/daa i mineralgjødsel gitt om våren. I c) er linene 10 og 20 kg N/daa i mineralgjødsel samla for vårgjødsling og etter 1. slått. I d) er linene 0 og 10 kg N/daa i husdyrgjødsel. Horisontal grøn stiplet linne i viser gjødslingsintervallet der tilleggseffekten av husdyrgjødsel N er statistisk sikker. Den prikka blå horisontale lina i d viser gjødslingsintervallet der råproteininnhaldet i avlinga er statistisk ulik innhaldet i avlinga ved 0 kg N/daa.**




Figur 4: Effekt av nitrogengjødsling med mineralgjødsel (kg N/daa) på råproteininnhaldet i avlinga (% av TS) i a) førsteslått b) andreslått og c) i samla årsavling ved to slåttar i året. Den prikka blå horisontale lina i b og c viser gjødslingsintervallet der råproteininnhaldet i avlinga er statistisk ulik innhaldet ved lågast nivå.


3.3 Fôreiningskonsentrasjonen

Fôreiningskonsentrasjonen (FEm) gjekk noko ned med aukande N-gjødsling, både i førsteslåtten og andreslåtten, og både i eng slått to og tre gonger årleg (Figur 5 og 6, tabell S9 og S6). I samla årsavling var nedgangen med N-gjødsling svak og auka noko med aukande husdyrgjødsling (Figur 5d og 6c).

Sukkerinnhaldet i avlinga minka med aukande N-gjødsling i førsteslåtten og i årsavlinga både ved to og tre slåttar årleg (Tabell S7 og S8).




Figur 5: Effekt av nitrogengjødsling med mineralgjødsel (kg N/daa) på føreiningskonsentrasjonen (Fem/kg TS) i a) førsteslått b) andreslått, c) tredjeslått og d) i samla årsavling ved tre slåtter i året.
 I b) er linene 5 og 10 kg N/daa gitt som mineralgjødsel om våren. I c) er linene 10 og 20 kg N/daa gitt som mineralgjødsel samla for vårgjødsling og etter 1. slått. I d) er linene 0 og 10 kg N/daa gitt som husdyrgjødsel. Dei stipila horisontale linene lina i b – d viser N-gjødslingsintervallet med mineralgjødsel der dei to linene er statistisk ulik.



Figur 6: Effekt av nitrogengjødsling med mineral-gjødsel (kg N/daa) på føreiningskonsentrasjonen (FEM/kg TS) i a) førsteslått b) andreslått og c) i samla årsavling ved to slåttar i året.


Dei prikka oransje horisontale lina i b og c viser gjødslingsintervallet der FEM i avlinga er statistisk ulik innhaldet ved lågast nivå der enga er gjødsla med 10 kg N i husdyrgjødsel, medan blå stipla viser gjødslingsintervallet der FEM i avlinga er statistisk ulik innhaldet ved lågast nivå der enga ikkje har fått husdyrgjødsel.



Figur 7: Effekt av nitrogengjødsling med mineralgjødsel (kg N/daa) på fiberinnhaldet i avling (NDF, % av TS) i a) førsteslått b) andreslått, c) tredjeslått og d) i samla årsavling ved tre slåttar i året.
I a) er linene 0 og 5 utan og med 5 kg N/daa i husdyrgjødsel. I c) er linene 10 og 20 kg N/daa samla gjødsling gitt vår og etter 1. slått. I d) er linene 0 og 10 kg N/daa i husdyrgjødsel. Horisontal grøn stipla line i a og d viser gjødslingsintervallet der tilleggseffekten av husdyrgjødsel N er statistisk sikker. Dei prikka horisontale linene viser gjødslingsintervallet der NDF-innhaldet i avlinga er ulik maksimalt NDF-innhald, blå utan husdyrgjødsel og oransje med husdyrgjødsel.

3.4 Fiberinnhaldet

Fiberinnhaldet (NDF) i avlinga auka med aukande N-gjødsling i førsteslåtten både ved to og tre slåttar i året (Figur 7a og 8a, tabell S9 og S10). Effekten minka og NDF-innhaldet var høgst ved om lag 10 kg N/daa. Gjødsling med husdyrgjødsel-N auka også NDF-innhaldet i førsteslåtten med minkande effekt dess sterkeste mineralgjødslinga var. I eng slått tre gonger i året, auka NDF-innhaldet med N-gjødsling også i andreslåtten (figur 7b), mens i andreslåtten i eng slått to gonger årleg minka NDF-innhaldet med aukande N-gjødsling (figur 8b). Men for denne slåtten var det ein ettereffekt av N-gjødsling om våren med aukande NDF-innhald dess sterkeste vårgjødslinga var (figur 8b). I samla årsavling var det klar minkande auke i NDF-innhaldet med N-gjødsling (figur 7d, tabell S9) med eit maksimalt NDF-innhald ved gjødsling på om lag 27 kg N/daa, men dette var avhengig av mengd husdyrgjødsel N. For eng gjødsla med 10 kg N i husdyrgjødsel auka NDF-innhaldet til om lag 9 kg N/daa mens for eng som ikkje fekk husdyrgjødsel auka NDF-innhaldet til 21 kg N/daa.




Figur 8: Effekt av nitrogengjødsling med mineralgjødsel (kg N/daa) på fiberinnhaldet i avling (NDF, % av TS) i a) førsteslått, b) andreslått, c) i samla årsavling ved to slåttar i året.

I a) er linene 0 og 5 utan og med 5 kg N/daa i husdyrgjødsel. I b) er linene 5 og 10 kg N/daa våргjødsling. I c) er linene 0 og 10 kg N/daa i husdyrgjødsel. Horisontal grøn stipla linene i a og c viser gjødslingsintervallet der tilleggseffekten av husdyrgjødsel N er statistisk sikker.


3.5 Råproteinavling og N-balanse

Årleg råproteinavling auka og N-balansen auka med aukande N-gjødsling både i eng slått tre og to gonger i året (Figur 9 og 10, tabell S11). Ein positiv N-balanse vil seia at meir N vart tilført jorda med mineralgjødsela enn det vart hausta i avlinga medan negativ N-balans betyr at meir N vart fjerna med avlinga enn det som var tilført. I eng slått tre gonger i året var samanhengen melom N-gjødsling og N-balansen lineær og balansen auka med 0,56 kg N/kg N tilført.

Vi har berre rekna med N tilført i form av mineralgjødsel. Utan husdyrgjødsel var det først ved 30 kg N/daa med mineralgjødsel at N-balansen var positiv ved tre slåttar årleg og 18 kg N/daa ved to slåttar. Responsen av husdyrgjødsel N på N-balansen var om lag lik ved tre og to slåttar (Figur 9 og 10). N-balansen auka med i gjennomsnitt 0,8 kg N/kg N ved tre slåttar og 0,7 kg N/kg N i husdyrgjødsel (tabell S11).



Figur 9. Effekt av nitrogengjødsling med mineralgjødsel (kg N/daa) på a) proteinavling (kg RP/daa) og b) nitrogenbalanse (kg N/daa) i eng slått tre gonger i året. Linene er 0 og 10 kg N/daa i husdyrgjødsel.




Figur 10. Effekt av nitrogengjødsling med mineralgjødsel (kg N/daa) på a) proteinavling (kg RP/daa) og b) nitrogenbalanse (kg N/daa) i eng slått to gonger i året. Linene er 0 og 10 kg N/daa i husdyrgjødsel.

4 Drøfting

4.1 Tørrstoffavling

Modellane vi har nytta, med kvadratisk effekt av N-gjødsling, viser minkande avlingsrespons til eit topp-punkt. Det vil seia at vi kan estimera gjødslingsmengda som skal til for å gje maksimal avling. Fordelen med kvadratiske modellar er at dei ofte treff relativt godt (Sparrow, 1979), og samstundes gjev dei oss minkande respons på N-gjødsel på ein kontinuerleg og matematisk relativt enkel måte. Vanleg form på responsen av N-gjødsling er illustrert i figur 11, med nyttige terskelverdiar, som avlingsnivå utan N-gjødsling, N-gjødsling til maksimal avling og til økonomisk optimal avling. Desse terskelverdiene er avhengig av faktorar som kulturvekst, jord og vêr (Godard *mfl.*, 2008).



O_e: Økonomisk optimum. N-gjødslingsnivået der verdien av avlingsauken ved vidare N-gjødsling vert mindre enn gjødselkostnaden. Denne varierer både etter avlingsrespons og etter alternativ-kostnadene ved føret.


O_F: Fysiologisk optimum. N-gjødslingsnivået som gjev maksimal avling.

M: Sterkaste gjødselnivå som gjev maksimal avling. Ved sterke gjødsling blir avlinga mindre (dette er oftast indirekte effektar som til dømes legde eller at N hindrar opptak av andre næringsstoff).

Figur 11: Generell form på avlingsresponskurve av N-gjødsling. Omsett og modifisert etter Godard *mfl.* (2008)
<https://doi.org/10.1016/j.agsy.2007.12.002>


Vi nytta i utgangspunktet kvadratiske modellar for å estimera effekt av N-gjødslinga, men har brukt lineær samanheng der andregradsleddet ikkje var statistisk sikkert. For kvadratiske modellar har vi vidare undersøkt kor mykje ein må gå ned i N-gjødsling før avlinga vert statistisk sikkert mindre enn N-gjødsling til maksimalavling. Gjødslar ein i dette spennet mellom mengd N-gjødsling som gir maksimal avling og mengd som gir statistisk sikker lågare avling, vil det vera sannsynleg at ein anten tek ut avlingspotensialet eller at det er andre faktorar som hindrar ein i å nå full avling. Vi har funne

fleire sikre samspel mellom forklaringsvariablar ved tre enn ved to slåttar i året, for eksempel mellom mengd N gitt med husdyrgjødsel og med mineralgjødsel. Dette har nok i stor grad å gjera med datatilfanget. Vi kan ikkje generalisera og konkludera med at sidan vi ikkje kunne finna nokon samspeleffekt mellom husdyrgjødsel-N og mineralgjødsel-N ved to slåttar, er det ingen slik effekt. Vi fann denne effekten ved tre slåttar og trur at årsaka heller er at vi ikkje har nok forsøksfelt med to slåttar i året der husdyrgjødsel var brukt. Mange av forsøka hadde få N-gjødslingsnivå og fleire var utan o-nivået, altså nivået heilt utan N-gjødsling. Dessutan var det i dei fleste forsøka ikkje analysert for forkvalitet anna enn på eitt forsøksgjentak eller på samanslattede prøver over gjentak, og i nokre forsøk var det heller ikkje analysert for forkvalitet i det heile. Vi valde å gjera statistisk analyse av avlingsnivå berre der vi også hadde kvalitetsanalysar og for alle forsøk der det var minst to N-gjødslingsnivå. For å undersøke om resultatet av den statistisk analysen av avling er var for tilfanget av data, gjorde vi også ein analyse med berre data frå N-stigefelt der o-nivå av N-gjødsling var med og ein analyse av forsøksdata uavhengig om forkvalitet var analysert eller ikkje i felt slått tre gonger årleg. Resultatet viste at det var stor grad av samsvar mellom analysane uavhengig av datatilfanget (figur 12a). Analysen av heile materialet, der også avlingstal utan kvalitetsanalyse var med, skilde seg frå dei andre med å ha eit lågare konstantleddet (intercept/skjæringspunkt), sterkare lineær effekt av N-gjødsling, men også sterkare minkande effekt av auka N-gjødsling (sterkare negativ kvadratisk effekt av N-gjødsling). Estimat av N-gjødsling til maksimal avling vart derfor temmeleg likt, 31 kg N/daa og år for datatilfanget både med og utan forkvalitet analysert og 28 kg/daa for datatilfanget med berre N-stigeforsøk. Estimata av effekten av husdyrgjødsel N (14 – 16 kg TS/kg total-N) og den minkande avlingseffekten av husdyrgjødsel N med aukande gjødsling med mineralgjødsel N (-0.41 til -0.53 kg TS per HG-N×N) var også relativt lik uavhengig av datatilfanget brukt i analysen, som illustrert figur 12b.



Figur 12: a) Effekt av N-gjødsling med mineralgjødsel (kg N/daa) på avling (kg TS/daa) i samla årsavling ved tre slåttar i året for andre engår og b) meiravling (kg TS/daa og år) av husdyrgjødsel N (10 kg total-N/daa og år) med aukande N-gjødsling med mineralgjødsel (kg N/daa). y1) Parameterestimat for avling der forkvalitet er analysert (n=1177), y2) parameterestimat for avling for heile datamaterialet (n=2404), y3) parameterestimat for avling der forkvalitet er analysert men berre data frå forsøk som også har med 0-ruter (forsøksledd utan N-gjødsling) (n=495), y4) parameterestimat for avling men berre data frå forsøk som har med 0-ruter (y4, n=1119).

Avlingspotensialet og responsen vil variera med jord og vêr og såleis truleg vera ulik mellom forsøkslokalitetar. I vår analyse har vi tatt omsyn til at det kan vera forskjell i avlingsnivå og i respons på N-gjødsling mellom forsøk innan lokalitet og mellom lokalitetar ved at vi inkluderte tilfeldig effekt av både konstantledd (o-nivået) og av responsen av N-gjødslinga (stigningskoeffisienten) for kvart forsøk innan lokalitet. Dette er illustrert i figur 13.



Figur 13: Illustrasjon av tilfeldig effekt av konstantleddet (skjæringspunktet med Y-aksen) og stigningskoeffisienten for forsøk der desse er statistisk sikker ulik gjennomsnittsverdiane.

Punkta er observerte avlingar for lokalitetane Særheim (Særh_o, ref. 1 i tabell 1), Kvithamar (Kvith_o, ref 2 i Tabell 1) og Apelsvoll (Apel_o, ref. 8 i tabell 1), heiltrekte liner er prediksjonar for dei same forsøka og den stipla lina er den samla gjennomsnittlege responsen for N-gjødsling (figur 1d, Tabell S1).


Avlingsrespons av N-gjødsling i vår analyse stemmer godt med både Volden (1996) og Baadshaug *mfl.* (1996) sine resultat. Volden (1996) har ikkje presentert kva gjødselnivå som gjev maksimalavling, men ved å tilpassa ei andregradslikning til avlingsresultata hans finn vi ei maksimalavling ved 26 kg N/daa ($R^2 = 0,98$) ved to slåttar. Baadshaug *mfl.* (1996) fann maksavlingar i ei rein graseng med tre slåttar ved 32 kg N/daa i første året, ned til 24 kg N/daa i tredje engår. I gras/kløver-eng var maksimalavlinga første engåret òg ved kring 32 kg N/daa, men avlinga utan tilført gjødsel var høgre og utslaget av tilførd N-gjødsel mindre og meir usikkert. Dette er mykje svakare gjødsling enn 39 kg N/daa ved tre slåttar og 29 kg N/daa ved to slåttar, som er der Volden (2021) finn maksimalavlingane. I ei nyare finsk gransking, fann dei at maksimal avling hos timotei slått tre gonger årleg var ved 39 kg N/daa (Termonen *mfl.*, 2020). Men både hos Volden (2021) og Termonen *mfl.* (2020) var avlingsnivået utan gjødsling mykje lågare enn i vårt materiale (i gjennomsnitt 500 kg TS/daa eller mindre mot i gjennomsnitt 750 kg TS/daa), og noko av skilnaden mellom granskingsane kan liggja i at desse i større grad har data frå forsøk lagt ut på jord med lågare innhald av nitrogen, for eksempel på jord på forsøksstasjonar som ikkje får tilført husdyrgjødsel. Vi finn likevel tilsvaranande låge avlingar ved lite eller ingen gjødsel hos Baadshaug *mfl.* (1996) på ledd utan kløver og hos Volden (1996), utan at det i desse analysane førte til avlingsrespons av N-gjødsling til eit like høgt nivå som hos Volden (2021).

Dei store avlingane utan N-gjødsel i datasettet vårt kan ha gjort at N-responsen er relativ svak. Valkama *mfl.* (2016) modellerte avlingsresponsen av N-gjødsling i eng i Finland, og dei fann at avlingsresponsen var langt mindre der det allereie var store avlingar utan N-gjødsling. Det er difor mogleg at spennet frå maksimalavling til ei sikkert lågare avling vart større enn det hadde vore om datagrunnlaget vårt inneholdt meir jord med lite evne til å tilføra mineralisert nitrogen. Fleire av forsøka i vårt datasett låg ute hos bønder (22 % av observasjonane ved tre slåttar i året (tabell 1) og 38

% ved to slåttar (tabell 2)). Medan jorda på fleire forsøksstasjonar i NIBIO sjeldan eller aldri har tilførsle av husdyrgjødsel, får jorda hos feltvertar på mjølkebruk jamleg husdyrgjødsel.

Ei separat analyse av data frå N-stigeforsøk hos praksisvertar (ref. 5 i Tabell 1), der det også blei brukt husdyrgjødsel i forsøksåra, viste at avlingsnivået var høgt utan mineralsk N-gjødsling og at responsen på N-gjødslinga var svak (figur 14). Avlingsauken for kvar kg N tilført (16,1 kg TS/kg N) var 40 % svakare enn den var i gjennomsnitt for materialet (27,2 kg TS/kg N i tabell S1), medan minkinga av avlingsauken med N-gjødsling var lik (- 0,46 kg TS per kg N² i tabell S1). Det var ingen statistisk sikker forskjell på årleg gjødsling med 7 kg N /daa og 30 kg N/daa i mineralgjødsel, og maksimal avling var oppnådd ved 17 kg N/daa (figur 14). Det er grunn til å tru at forsøk hos praksisvertar er lagt på jord i god hevd, og det er også forsøka på forsøksstasjonane. Men truleg er avlingsresponsen av N-gjødsling sterkare på forsøksgardar enn på felt lagt ut hos praksisvertar fordi jorda på forsøksstasjonar har fått tilført langt mindre organisk materiale og N med husdyrgjødsel. Det er i fleire studiar vist at det er avlingseffekt av husdyrgjødsel-N både direkte i det året gjødsla blir gitt og ettereffekt av gjødsling påført i tidlegare år (Sørensen, 2004; Schröder *mfl.*, 2007). Dessutan er jorda på forsøksstasjonar langt mindre utsett for pakking enn hos bønder, noko som også talar for at avlingsresponsen av gjødsling på forsøksgardar er sterkare enn i praksis.

Vi har skilt mellom N fra mineralgjødsel og N fra husdyrgjødsel, og vi ser at husdyrgjødsel-N har ein mindre avlingseffekt enn N i mineralgjødsel. Den relative avlingseffekten av husdyrgjødsel-N varier. Tveitnes (1985) rekna at den kan gå frå ubetydeleg til kring 60 – 70 % av effekten til mineralgjødsel, medan Gutser *mfl.* (2005) føreslår 40 – 45 % erstatningsverdi i gjødsel-året. Både tilfelle syner at det er mogleg å konvertera tilført husdyrgjødsel-N til ei mindre mengd mineralgjødsel-N, og då er det ikkje uventa at vi ser dei same effektane frå husdyrgjødsel-N som frå mineralgjødsel-N. Samspelet mellom N frå mineralgjødsel og frå husdyrgjødsel vert eit uttrykk for det kvadratiske gjødslings-leddet som viser minkande utbytte frå stigande gjødsling. Langtidsverknaden frå husdyrgjødsel-nitrogenet vil i hovudsak påverke avlinga ved 0 kg N/daa frå både husdyrgjødsel og mineralgjødsel, og vil i liten grad



Figur 14: Effekt av N-gjødsling med mineralgjødsel (kg N/daa) på årsavlinga (kg TS/daa) ved tre slåttar i året basert på data frå tre N-gjødslingsfelt lagt ut i eng hos mjølkeprodusentar i Etne, Fjaler og Levanger (ref. 5 i tabell 1). Punkta viser gjennomsnittsavlingane over engår med standardavvik for dei ulike gjødslingsnivå på dei tre lokalitetene. Det var i tillegg tilført i gjennomsnitt 25, 29 og 14 kg N/daa og år med husdyrgjødsel (total-N) i høvesvis Etne, Fjaler og Levanger. Prikka line indikerer N-gjødslingsnivå som gav sikker lågare avling enn til maks nivå (17,5 kg N/daa og år).

påverke modellane for sjølve gjødselåret.

Vi fann ikkje effekt av husdyrgjødsel-N på totalavlinga i eng slått to gonger i året, og det skuldast nok i all hovudsak at det var for få forsøk der husdyrgjødsel var med som forsøksfaktor eller blei brukt i det heile i engåra.

Samanliknar vi gjødselmengdene ved maksimal avling med tilrådde gjødselmengder ved normal drift etter NIBIO gjødslingshandbok, finn vi stort samsvar: Ved tre slåttar fekk vi maksavlingar ved 31 kg N/daa og eit avlingsnivå der gjødslingshandboka tilrår 30 kg N/daa. Ved to slåttar fekk vi maksimale avlingar ved 27 kg N/daa og eit avlingsnivå der gjødslingshandboka tilrår 23 kg N/daa. Desse tilrådingane i gjødslingshandboka er ved eit fôr med om lag same energikonsentrasjon som i datasettet vårt. Tidlegare forsøk med gjødsling ut over gjødselplan har heller ikkje gjeve sikker meiravling (Lunnan 2021), og dette samsvarar òg godt med resultata våre.

Det kan vera fleire årsaker til at sterkt N-gjødsling om våren gjev lågare avling i andreslåtten samanlikna med svakare gjødsling. Sterkt N-gjødsling senkar innhaldet av sukker som trengs for å få i gang veksten etter slått, og sterkt vekst om våren kan på grunn av skygging gje færre skot i plantesetnaden. Sterkt vekst kan auke faren for legde som også kan gje skugge til nye grasskot og føre til meir glissen grassvor. Det kan òg vera ein samanblandingseffekt av N-gjødslingsnivå om våren og haustetida i førsteslåtten. I nokre av forsøka, var fordeling av N-gjødsla over vekstsesongen avhengig av tidspunktet (utviklingssteg) for førsteslåtten, sjølv om årleg N-gjødsling var lik. Til dømes i serien «Meir og betre grovfôr» (ref 1 i Tabell 1) vart det gjødsla svakare med N om våren for forsøksledd hausta på tidleg utviklingstrinn i førsteslåtten medan ledd hausta på sein utviklingstrinn fekk sterke N-gjødsling.

4.2 Råproteininnhald i avlinga og råproteinavling

Lunnan (2021) fann at råprotein-innhaldet i avlinga auka med gjødsling utover det gjødselplana tilrådde sjølv om tørrstoffavlinga ikkje gjorde det. Dette stemmer godt overeins med våre resultat, der vi ser at råproteininnhaldet først byrjar å auka storleg etter at tørrstoffavlinga når toppen. Generelt aukar råproteininnhaldet i grasavling ved aukande N-gjødslingsmengd og gjødslingseffekten når maksimum kort tid etter gjødsling (Wilman, 1975a;b;Peyraud og Astigarraga, 1998). Deretter fell innhaldet av råprotein raskt etter som veksten held fram. Det vil seia at veksten tynnar ut råproteininnhaldet. Denne uttynninga skjer på alle N-gjødslingsnivå, og er sterke dess meir N er tilført på grunn av N sin avlingsdrivande effekt. Det kan såleis vera vanskeleg både å oppnå høg avling og høgt råproteininnhald. Det at effekten av N-gjødsling på tørrstoffavling minskar medan den auka for proteininnhaldet med stigande N-gjødsling forklarer at råprotein-avlinga auka lineært. Desse samanhengane mellom N-gjødsling, avling, råproteininnhald, og råproteinavling er vist i mange N-gjødslingsforsøk i eng (Herrmann *mfl.*, 2017;Larsen *mfl.*, 2019;Termonen *mfl.*, 2020). Termonen *mfl.* (2020) fann at effekten av N-gjødsling på innhaldet av råproteinet var langt svakare i nyare forsøk enn i eldre. N er meir effektivt utnytta til biomasseproduksjons enn til proteinsyntese. Årsakene kan vera at i eldre forsøk var det andre faktorar enn N som verka avgrensande på veksten.

Ved to slåttar finn vi høgre råproteininnhald i andreslåtten om det er gjødsla med 1 kg N eller mindre enn om det er gjødsla med mellom 1 og 8 kg N/daa. Dette er naturleg å tolka som ei uttynningseffekt, der ekstra N aukar avlinga sopass mykje at råproteinkonsentrasjonen ikkje heldt tritt. Fyrst ved 8 kg N og meir, når avlingsnivået ikkje lenger er statistisk ulikt maksavlinga, ser vi at råproteinkonsentrasjonen aukar att.

Proteininnhaldet i avlinga er i studien vår uttrykt som råprotein. Dette vil òg inkludere andre N-sambindingar i planta enn berre protein, som nitrat, peptid og ikkje-essensielle aminosyrer (Van Soest, 1994). Innhaldet av ikkje-protein N i grasavlinga varierer, men 25 % av råproteinet er vanleg, og mengda aukar med N-gjødsling, særleg sein i vekstsesongen (Hoekstra *mfl.*, 2008). På seinsommaren kan lys og temperatur vere avgrensande på veksten, og fotosyntesen produserer ikkje nok karbohydrat

som trengst for å byggja inn N i aminosyrer. Dermed akkumulerer planta ikkje-protein N. Det er også i stor grad ikkje-protein N-delen i råproteinet som aukar etter at avlingsmengda flatar ut med stigande N-gjødsling (Bittman og Kowalenko, 2000). Ved sterkt N gjødsling og hyppig slått er det særleg nitrat som hopar seg opp og ikkje blir bygd inn i aminosyrer (Shiel *mfl.*, 1999; Bittman og Kowalenko, 2000; Loaiza *mfl.*, 2017). Tremblay *mfl.* (2005) fann at aukande N-gjødsling i timoteieng (frå 0-18 kg N/daa) førte til at surføret produsert frå avlinga hadde høgare nitratinnhald, lågare innhald av løyseleg sukker, høgare bufferkapasitet og dermed lågare surførkvalitet.

4.3 Nitrogenbalanse

Det var negative N-balansar ved eit relativt høgt gjødslingsnivå (for tre slåttar: 15 kg N/daa og 30 kg N/daa, høvesvis med og utan husdyrgjødsel), og dette er eit teikn på at jorda er i god hevd. Ein negativ N-balans vil seia at avlinga tek ut meir N enn det som vert tilført gjennom mineral- og husdyrgjødsel. Dette nitrogenet kan koma frå to stader: lufta eller jorda. Er det kløver i enga, vil noko av nitrogenet i avlinga koma frå N-fikseringa til kløveren. Dette er ei ekstra N-kjelde som kjem utanom gjødsla. Dersom nitrogenet korkje kjem frå gjødsel eller kløver, må det tæra på N-lageret i jorda. Nitrogenlageret i jorda kjem i hovudsak frå tilførsla av organisk N i husdyrgjødsel og lageret kan byggja seg opp med tida (Schröder, 2005). Ein positiv N-balans treng ikkje bety at ein byggjer jordlageret. Overskytande N kan òg gå tapt til luft eller vatn. Gjødslar ein sterkare enn plantane treng, er det stor fare for at særleg tilført ammonium og nitrat går tapt frå ein vekstsesong til neste (Schröder *mfl.*, 2010).

I andre studiar er det også funne lineær samanheng mellom N-gjødsling og N-balans. Til dømes fann Valkama *mfl.* (2016) at balansen auka med 0,48 kg N/kg N tilført i gjennomsnitt for forsøk i Finland, medan Trott *mfl.* (2004) fann 0,33 kg N/kg N tilført i slåtteeng i Nord-Tyskland, mot 0,56 kg N/kg N tilført i gjennomsnitt for eng slått tre gonger i vår studie. Det betyr at utnytting av tilført N er noko svakare i vårt studie enn i den finske og betydeleg svakare enn i den tyske studien.

4.4 Fiberinnhald og energiverdi

Nedgangen i innhaldet av sukker (vassløyselege karbohydrat) i avlinga med auka N-gjødsling er godt kjent frå andre studiar (sjå samstillinga av litteratur av Peyraud og Astigarraga (1998)). Enkel regresjon viste at nedgangen i sukkerinnhaldet var i gjennomsnitt 1,1%-eining for kvar 1%-eining auke i råproteininnhaldet (Sukkerinnhaldet (% av TS) = 30,1 % - 1,08 *RP (% av TS)), som er nesten identisk med det Reid og Strachan (1974) fann i N-gjødslingsforsøk med raigras (1%-eining nedgang for kvar 1%-eining auke) og med det Lunnan og Nesheim (2002) fann i førstelåtten i eit N-gjødslingsforsøk i Noreg. N-gjødsling har liten effekt på fiberinnhaldet og litteraturstudien til Peyraud og Astigarraga (1998) har vist N-gjødsling både kan minke og auke fiberinnhaldet.

5 Konklusjon

Datasettet vårt tilseier at NIBIO gjødslingshandbok gjev gode tilrådingar ved maksimalavling. Ved lågare avlingar tilrår gjødslingshandboka noko raust med gjødsel, fordi ho legg til grunn ei lågare avling utan gjødsel og ein lineær N-respons. Jordkvalitet vil variera, og ein enkel og brukarvenleg modell, som gjødslingshandboka, er eit gode. Gjennomgangen av N-gjødslingsforsøk frå dei siste 20 åra tilseier soleis at det ikkje er naudsynt å endra gjødseltiltrådingane med omsyn til avling.

Nitrogenavlinga steig lineært med gjødslinga, og det var først etter maksimalavling var nådd at råproteinkonsentrasjonen auka i særleg grad. Mykje av auken i råprotein var truleg ikkje-protein-nitrogen. Sidan N-avlinga auka mindre enn tilförd N med gjødsel, vart utnyttinga av gjødselnitrogenet därlegare di kraftigare gjødslinga var.

6 Referansar

- Bechmann, M. (2014). Long-term monitoring of nitrogen in surface and subsurface runoff from small agricultural dominated catchments in Norway. *Agriculture, Ecosystems and Environment* 198, 13-24.
- Bittman, S., and Kowalenko, C.G. (2000). Within-season grass herbage crude-protein- and nitrate-N concentrations as affected by rates and seasonal distribution of fertilizer nitrogen in a high yearly rainfall climate. *Canadian Journal of Plant Science* 80, 277-285.
- Borchsenius, R. (2021). *Kan man gjødsle seg til høge grasavlinger?* Norsk landbruksrådgiving. Available: <https://www.nlr.no/fagartikler/grovfor/default/kan-man-gjødsle-seg-til-høge-grasavlinger>
- Baadshaug, O.H., Gronnerod, B., and Skjelvåg, O.A. (1996). Nitrogengjødsling til eng. Kan forsoksresultatene utnyttes bedre? *Norsk landbruksforskning* 10, 87-100.
- Cameron, K.C., Di, H.J., and Moir, J.L. (2013). Nitrogen losses from the soil/plant system: a review. *Annals of Applied Biology* 162, 145-173.
- Flaten, O., Bakken, A.K., and Randby, Å.T. (2015). The profitability of harvesting grass silages at early maturity stages: An analysis of dairy farming systems in Norway. *Agricultural Systems* 136, 85-95.
- Godard, C., Roger-Estrade, J., Jayet, P.A., Brisson, N., and Le Bas, C. (2008). Use of available information at a European level to construct crop nitrogen response curves for the regions of the EU. *Agricultural Systems* 97, 68-82.
- Gutser, R., Ebertseder, T., Weber, A., Schraml, M., and Schmidhalter, U. (2005). Short-term and residual availability of nitrogen after long-term application of organic fertilizers on arable land. *Journal of Plant Nutrition and Soil Science* 168, 439-446.
- Herrmann, A., Kage, H., Taube, F., and Sieling, K. (2017). Effect of biogas digestate, animal manure and mineral fertilizer application on nitrogen flows in biogas feedstock production. *European Journal of Agronomy* 91, 63-73.
- Hoekstra, N.J., Struik, P.C., Lantinga, E.A., Van Amburgh, M.E., and Schulte, R.P.O. (2008). Can herbage nitrogen fractionation in Lolium perenne be improved by herbage management? *NJAS: Wageningen Journal of Life Sciences* 55, 167-180.
- Kolle, S.O., and Oguz-Alper, M. (2020). "Bruk av gjødselressurser i jordbruket 2018", *Rapporter 2020/9. Statistisk sentralbyra*.
- Larsen, S.U., Jørgensen, H., Bukh, C., and Schjoerring, J.K. (2019). Green biorefining: Effect of nitrogen fertilization on protein yield, protein extractability and amino acid composition of tall fescue biomass. *Industrial Crops and Products* 130, 642-652.
- Liveingen, M.B. (2022). Mer protein fra graset med uendra gjødsling. *Buskap* 2022-2, 52-54.
- Loaiza, P.A., Balocchi, O., and Bertrand, A. (2017). Carbohydrate and crude protein fractions in perennial ryegrass as affected by defoliation frequency and nitrogen application rate. *Grass and Forage Science* 72, 556-567.
- Lunnan, T. (2021). "Sterk nitrogengjødsling til eng", *NIBIO Rapport 7 (133)*. Norsk institutt for bioøkonomi.
- Lunnan, T., and Nesheim, L. (2002). Response to Different Nitrogen Application Patterns on Grassland in a Two-cut System. *Acta Agriculturae Scandinavica, Section B - Soil & Plant Science* 52, 1-7.
- Miljødirektoratet (2024). *Miljøstatus. Utslipp av lystgass i Norge* <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/tema/klima/norske-utslipp-av-klimagasser/lystgass-N2O/>
- Müller, C., Laughlin, R.J., Christie, P., and Watson, C.J. (2011). Effects of repeated fertilizer and cattle slurry applications over 38 years on N dynamics in a temperate grassland soil. *Soil Biology and Biochemistry* 43, 1362-1371.
- Nadeem, R., and Bakken, A.K. (2020). "Nitrous oxide emissions from grassland in spring and early summer at increasing nitrogen application rates", *NIBIO Rapport 6 (183)* Norsk institutt for bioøkonomi.
- Peyraud, J.L., and Astigarraga, L. (1998). Review of the effect of nitrogen fertilization on the chemical composition, intake, digestion and nutritive value of fresh herbage: consequences on animal nutrition and N balance. *Animal Feed Science and Technology* 72, 235-259.
- Reid, D., and Strachan, N.H. (1974). The effects of a wide range of nitrogen rates on some chemical constituents of the herbage from perennial ryegrass swards with and without white clover. *The Journal of Agricultural Science* 83, 393-401.

- Schröder, J. (2005). Revisiting the agronomic benefits of manure: a correct assessment and exploitation of its fertilizer value spares the environment. *Bioresource Technology* 96, 253-261.
- Schröder, J.J., Assinck, F.B.T., Uenk, D., and Velthof, G.L. (2010). Nitrate leaching from cut grassland as affected by the substitution of slurry with nitrogen mineral fertilizer on two soil types. *Grass and Forage Science* 65, 49-57.
- Schröder, J.J., Uenk, D., and Hilhorst, G.J. (2007). Long-term nitrogen fertilizer replacement value of cattle manures applied to cut grassland. *Plant and Soil* 299, 83-99.
- Shepherd, M., Ghani, A., Rajendram, G., Carlson, B., and Pirie, M. (2015). Soil total nitrogen concentration explains variation in pasture response to spring nitrogen fertiliser across a single farm. *Nutrient Cycling in Agroecosystems* 101, 377-390.
- Shiel, Tilib, E., and Younger (1999). The influence of fertilizer nitrogen, white clover content and environmental factors on the nitrate content of perennial ryegrass and ryegrass/white clover swards. *Grass and Forage Science* 54, 275-285.
- Sikkeland, E. (2021). *Gjødsler vi med for lite N til enga?*
<https://www.nlr.no/fagartikler/grovfor/midt/gjødsler-vi-med-for-lite-n-til-enga>
- Skjold, A.V., Farstad, B., Schei, I., Øksendal, H., Volden, H., Klette, P., and Brodshaug, E. (2022). Rom for mer grasprotein til drøvtyggerne våre. *Buskap* 2022-2, 48-51.
- Sparrow, P.E. (1979). The comparison of five response curves for representing the relationship between the annual dry-matter yield of grass herbage and fertilizer nitrogen. *The Journal of Agricultural Science* 93, 513-520.
- Sørensen, P. (2004). Immobilisation, remineralisation and residual effects in subsequent crops of dairy cattle slurry nitrogen compared to mineral fertiliser nitrogen. *Plant and Soil* 267, 285-296.
- Termonen, M., Korhonen, P., Kykkänen, S., Kärkönen, A., Toivakka, M., Kauppila, R., and Virkajärvi, P. (2020). Effects of nitrogen application rate on productivity, nutritive value and winter tolerance of timothy and meadow fescue cultivars. *Grass and Forage Science* 75, 111-126.
- Tian, H., Xu, R., Canadell, J.G., Thompson, R.L., Winiwarter, W., Suntharalingam, P., Davidson, E.A., Ciais, P., Jackson, R.B., Janssens-Maenhout, G., Prather, M.J., Regnier, P., Pan, N., Pan, S., Peters, G.P., Shi, H., Tubiello, F.N., Zaehle, S., Zhou, F., Arneth, A., Battaglia, G., Berthet, S., Bopp, L., Bouwman, A.F., Buitenhuis, E.T., Chang, J., Chipperfield, M.P., Dangal, S.R.S., Dlugokencky, E., Elkins, J.W., Eyre, B.D., Fu, B., Hall, B., Ito, A., Joos, F., Krummel, P.B., Landolfi, A., Laruelle, G.G., Lauwerwald, R., Li, W., Lienert, S., Maavara, T., Macleod, M., Millet, D.B., Olin, S., Patra, P.K., Prinn, R.G., Raymond, P.A., Ruiz, D.J., Van Der Werf, G.R., Vuichard, N., Wang, J., Weiss, R.F., Wells, K.C., Wilson, C., Yang, J., and Yao, Y. (2020). A comprehensive quantification of global nitrous oxide sources and sinks. *Nature* 586, 248-256.
- Tremblay, G.F., Bélanger, G., and Drapeau, R. (2005). Nitrogen fertilizer application and developmental stage affect silage quality of timothy (*Phleum pratense* L.). *Grass and Forage Science* 60, 337-355.
- Trott, H., Wachendorf, M., Ingwersen, B., and Taube, F. (2004). Performance and environmental effects of forage production on sandy soils. I. Impact of defoliation system and nitrogen input on performance and N balance of grassland. *Grass and Forage Science* 59, 41-55.
- Tveitnes, S. (1985). "Husdyrgjødsel. Gjødsel, jordforbetringstmiddel og avfall med forureningsrisiko". (Ås: Institutt for jordkultur, Norges landbrukshøgskole).
- Valkama, E., Rankinen, K., Virkajärvi, P., Salo, T., Kapuinen, P., and Turtola, E. (2016). Nitrogen fertilization of grass leys: Yield production and risk of N leaching. *Agriculture, Ecosystems & Environment* 230, 341-352.
- Van Soest, P.J. (1994). *Nutritional ecology of the ruminant*. Cornell University Press.
- Volden, B. (1996). Nitrogen og kalium til eng i Nordland I. Avlinger og jordanalyser Norsk landbruksforskning 10, 283-300.
- Volden, H. (2021). Optimal nitrogengjødsling – trenger vi nye løsninger? *Buskap* 2021-3, 44-47.
- Volden, H., and Nossum, G. (2024). Slik kan vi evaluere og optimalisere gjødslingen. *Buskap* 2024-2, 34-36.
- Whitehead, D. (2000). "Nitrogen," in *Nutrient elements in grassland: soil-plant-animal relationships*, ed. D. Whitehead. (Oxon, UK: CABI Publishing), 95-125.
- Wilman, D. (1975a). Nitrogen and Italian ryegrass. 1. Growth up to 14 weeks: dry-matter yield and digestibility. *Grass and Forage Science* 30, 141-147.
- Wilman, D. (1975b). Nitrogen and Italian ryegrass. 2. Growth up to 14 weeks: nitrogen, phosphorous and potassium content and yield. *Grass and Forage Science* 30, 243-249.

7 Vedlegg

7.1 Forsøksseriar

7.1.1 «Meir og betre grovfôr» gras-raudkløverfelt

Lokalitetar: Kvithamar, Løken (2 felt), Særheim

Forsøksplan: Faktorielt med faktorane hausteregime og nitrogengjødslingsnivå i tre blokker (gjentak). Hausteregime kombinert med gjødslingsnivå var tilfeldig fordelt innanfor blokk.

- Hausteregimer – avhengig av lokalitet, eksempel Kvithamar
 1. 1. slått ved stengelstrekking, 2. slått 600 døgngrader etter 1. slått, 3. slått 5. sept.
 2. 1. slått før byrjande skyting, 2. slått 500 døgngrader etter 1. slått, 3. slått 5. sept.
 3. 1. slått før byrjande skyting, 2. slått 700 døgngrader etter 1. slått, 3. slått 5. sept.
 4. 1. slått byrjande skyting, 2. slått 500 døgngrader etter 1. slått, 3. slått 5. sept.
 5. 1. slått byrjande skyting, 2. slått 700 døgngrader etter 1. slått, 3. slått 5. sept.
 6. 1. slått full skyting, 2. slått 500 døgngrader etter 1. slått, 3. slått 5. sept.
 7. 1. slått full skyting, 2. slått 5. sept.
- Gjødslingsnivå
 - N1 = 12 kg N/daa
 - N2 = 24 kg N/daa

Etableringsår: 2004

Varigheit: Attlegg følgd av tre år med eng

Engfrøblanding: Kvithamar: 'Nordi' raudkløver, 'Grindstad' timotei, og 'Fure' engsvingel med høvetala 0,5:1:1 i såvekt. På løken var timotei ei blanding av 'Grindstad' og 'Vega' timotei .

Såmengd: Ingen opplysningar

Gjentak: 3

Rutestorleik: 1,5*7 m (sårute)

Dekkvekst: Ingen opplysningar

Jord: Løken: Sandig silt, og siltig sand, Kvithamar: Siltig mellomleire, Særheim: humusrik siltig mellomsand.

Gjødsling attlegg: Ingen opplysningar

Gjødsling engår: Kvithamar: N1 med Fullgjødsel 21-4-10 både på våren og på gjenvekstane, og N2 med Fullgjødsel 21-4-10 på våren og med Fullgjødsel 25-2-6 på gjenvekstane. Løken: Fullgjødsel 18-3-15. Særheim: N1 med Fullgjødsel 18-3-15, og N2 med Fullgjødsel 22-2-12

Kvalitetsanalysar: NIRS på Løken

Referanse:

Bakken AK, Lunnan T, Höglind M, Harbo O, Langerud A, Rogne TE, Ekker AS. 2009. Mer og bedre grovfôr som basis for norsk kjøtt- og mjølkeproduksjon. Resultater fra flerårige høstetidsforsøk i blandingseng med timotei, engsvingel og rødkløver. Bioforsk Rapport 4 (38), 65 a

7.1.2 «Meir og betre grovfôr» Yarafelt

Lokalitetar: Kvithamar, Løken, Ås

Forsøksplan: Faktorielt med faktorane med N-gjødslingsnivå (3) og gjødselstype (2) i tre blokker (gjentak).

- N gjødslingsnivå
 - 12 kg N/daa (6+4+2 kg N/daa)
 - 18 kg N/daa (8+6+4 kg N/daa)
 - 24 kg N/daa (10+8+6 kg N/daa)
- Gjødselstype
 - Vår: NPK 16-7-3, e. 1.sl: Opti-KAS 27-0-0, e. 2.sl: Opti-KAS 27-0-0
 - Vår: NPK 21-4-10 (Ås: 17-5-13), e. 1.sl: NPK 25-2-6, e. 2.sl: Sovelkalksalpeter

Etableringsår: Kvitarmer 1 årseng, Ås 4. års eng, Løken sjetteårseng

Varigheit: Attlegg følgd av tre år med eng (Løken 2 år)

Engfrøblanding: Kvithamar: raudkløver, timotei, og engsvingel. Ås: timotei og engsvingel. Løken: Allsidig med mest bladfaks.

Såmengd: Ingen opplysningar

Gjentak: 3

Rutestorleik:

Dekkvekst: Ingen opplysningar

Jord:

Gjødsling attlegg: Ingen opplysningar

Kvalitetsanalysar: NIRS på Løken

Referanse:

Bakken AK, Lunnan T, Svoldal, B.T. 2007. Grovfôravling og -kvalitet med bruk av stigande mengd mineralgjødsel med og utan svovel. Plantemøte Vest 2007. Bioforsk FOKUS 2 (7), s 35-395 a

7.1.3 «FOREFF – Samansetting av arter for betre avling og avlingsstabilitet over år»

Lokalitetar: Holt, Kvithamar, Særheim

Forsøksplan: Simplex design med faktorane ulike arter og artssamansetting og to nitrogengjødslingsnivå. Gjødslingsnivå og artssamansetting var tilfeldig fordelt.

- 7 ulike artar i reinbestand og ulike blandingar
- Gjødslingsnivå – Holt / Kvithamar / Særheim
 - N1 = 8,5 kg N/daa / 12 kg N/daa / 13 kg N/daa
 - N2= 17 kg N/daa / 24 kg N/daa / 26 kg N/daa /

Etableringsår: 2016

Varigheit: Attlegg følgd av tre år med eng

Engfrøblanding: Reinbestand av fleirårig raigras ‘Figgjo’, timotei ‘Grindstad’, engsvingel ‘Vestar’, engrapp ‘Knut’, engkvein ‘Leikvin’, rødkløver ‘Gandalf’, kvitkløver ‘Litago’. Ei blanding med alle 7 artane i like mengder, ei med 6 artar, syv 5-artblandingar, tre 4-artblandingar, to 3-artblandingar og ni ulike 2-artblandingar.

Såmengd: Såmengd til reinbestand etter anbefalt mengde. Dei ulike blandingane blei komponert med enten like mykje av kvar art eller ein eller to dominerande artar i blandinga. Mengde frø blei kalkulert i prosent av mengda bruk i reinbestand.

Rutestorleik: 1,5*7 m (sårute)

Dekkvekst: Ingen

Jord: Holt: Siltig sand, Kvithamar: Siltig mellomleire, Særheim: Siltig mellomsand.

Gjødsling attlegg: Holt: 6,2 kg N, 0,9 kg P og 5,1 kg K per dekar på alle ledd. Kvithamar: 14,1 kg N, 2,9 kg P og 16,1 kg K per dekar. Særheim: 11 kg N, 2 kg P og 9 kg K per dekar.

Gjødsling engår: Holt, Kvithamar og Særheim: N1 med Fullgjødsel 8-5-19 på våren og Fullgjødsel 18-3-15 på gjenvekstane. N2 med Fullgjødsel 8-5-19 og Opti KAS på våren og med Fullgjødsel 18-3-15 og Opti KAS på gjenvekstane.

Kvalitetsanalysar: NIRS på Løken

Referanse:

Jørgensen M., Bakken A.K., Østrem L., Brophy C. 2023. The effects of functional trait diversity on productivity of grass-legume swards across multiple sites and two levels of nitrogen fertiliser. *European Journal of Agronomy* 151 (2023) 126993. <https://doi.org/10.1016/j.eja.2023.126993>

Jørgensen M., Leraand M.K., Ergon Å., Bakken A.K. 2019. Effects of including perennial ryegrass (*Lolium perenne* L.) in different species mixtures on yield, feed quality and botanical composition in first year of ley. In: Proceedings of the joint 20th symposium of the European Grassland Federation and 33rd meeting of the EUCARPIA section “Fodder crops and amenity grasses”, Zürich, Switzerland

24-27 June 2019. *Grassland Science in Europe* 24:152-154. ISBN: 978-3-033-07278-7 eISBN: 978-3-033-07279-4.

